

Om Eresfjord samfunnshus

Til alle som bur i Eresfjord

Styret i Eresfjord samfunnshus a/l ønskjer ei omorganisering av laget.

Frå dagens « a/l » til ei ideell forening.

Dette for å kunne registrere laget med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra.

Slik laget er organisert i dag er det ikkje muleg.

For å drifta samfunnshuset i Eresfjord med eigen konto og for å kunne søkje om tilskott og generelt vere ein del av organisasjonslivet, er det i dag krav om registrering i Brønnøysundregistra.

Styret kaller inn til årsmøte i Eresfjord samfunnshus a/l

Onsdag 11.januar kl. 19.00 - 2023

Innkalling med sakliste, saksframlegg omorganisering og forslag til nye vedtekter kan du lese på

<https://www.eresfjord.no/lagorg/eresfjord-samfunnshus>

Alle innbyggare i Eresfjord er velkomne

Bakgrunn enkelt forklart:

For å få godkjent Eresfjord samfunnshus a/l med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistra, kan laget ikkje lenger vere eit andelslag (a/l). Det må omorganiserast og det enklaste er å stifte ei foreining med nye vedtekter. Altså avvikle det gamle laget og stifte eit nytt Eresfjord samfunnshus.

Litt historie, skule og samfunnshus:

Vi må tilbake til 1956 og krets møte i Sira krets, for å finne dei første planane for byggig av ny skule i Eresfjord. Då var skulestyret i Eresfjord og Vistdal kommune (E&V) oppmoda til å bygge slik at det også vart eit idrettsanlegg. At det vart muleg for idrettsungdommen i Eresfjord å bruke gymsal, bad og garderober.

Under eit møte i byggekomiteen for skulen i februar 1962 vart det vist til rundskriv frå Kirke og

Undervisningsdepartementet der det var presisert viktigheita av å **bygge ny skule kombinert med idrettsanlegg og samfunnshus**. Byggekomiteen og det kommunale ungdoms- og idrettsutvalget meinte at dei enkelte organisasjonane i bygda bør gå saman om å bygge eit kombinert «skolesamfunnshus».

Her er det punktvis skissert eit samarbeid om at det skal bygges eit forsamlingslokale med møterom etc på skuletomta i Eresfjord. At bygget reises og administreres av Eresfjord og Vistdal kommune.

Og at « Eresfjord samfunnshus a/l skyter inn kapital i bygget mot å få en kontraktsfestet rett til å bruke huset med tilhørende anlegg til sitt og tilsluttende organisasjoners formål»

Arkitekt Bugge utarbeidde teikningar. Og finansieringa på 1,2 mill. kroner var satt opp slik:

Eresfjord og Vistdal kommune og Fylkestilskott: kr 1.045.000,-

Eresfjord samfunnshus a/l

Eigenkapital 55.000,-

Tippemidler 100.000,- kr 155.000,-

Sum finansiering..... Kr 1.200.000,-

Des 2022

Overenskomst om bruken av huset mellom E&V og Eresfjord Samfunnshus er dagsett 12.mars 1962.

Der heiter det i punkt 1 at samfunnshuset skyter inn kr. 155.000,- i kombinasjonsbygget omfattande samfunnshussal, møterom, garderober, helserom, bibliotek etc. Og at Eresfjord Samfunnshus a/l får adgang til bruk av huset som samfunnshus for Eresfjord i samsvar med lagets vedtekter.

Konstituerande møte i Eresfjord Samfunnshus med val av styre og alle andre funksjonar vart halde 29.august 1962 der også vedtekten vart lagt fram.

Møteprotokollane til prosjektet med bygging viser kven som har utført kva på dugnad, med traktor, tømmer og kapital som er skutt inn i laget. Bl.a fordelt på utgraving av tomt, støpesand, pussand, materialer, planering og rydding av veg. Tilsammen verdi på kr. 55.000,- kroner.

Eigarskap og verdiar

Dei 60 åra som har gått sia samfunnshuset og skulen vart bygd, har folket i Eresfjord heile tida hatt ei sterkt forankring og eigarskap til samfunnshuset. Ikke minst fordi dei i byggeperioden støtta det med kapital og mykje dugnadsarbeid.

Det har vore utforma fleire avtaler mellom skulebygget / kommunen og samfunnshuset.

Siste gjeldande avtale vart utarbeidd i november 1995. Om drift og vedlikehald av Eresfjord samfunnshus. Signert 19/11-95 av Paul Nauste/Eresfjord samfunnshus og Ernst Kristiansen/Nesset kommune. Godkjent i kommunestyret 20/12-1995.

Avtalen skisserer kva kommunen er ansvarleg for og kva samfunnshuset er ansvarleg for. Avtalen erstattar alle andre tidlegare avtalar. I saksutgreiinga går det blant anna fram at kommunen står som faktisk eigar av samfunnshuset i forhold til avtalar, mens det er eit eige styre som forvaltar sjølve samfunnshusdrifta, i samsvar med avtale mellom kommunen og styret.

Kommunen skal blant anna halde bygget vedlike, betale for lys og varme og fornye inventar og utstyr på samfunnshuset. Eit notat som ligg ved avtalen, dagsett 3/2-2012, seier at samfunnshuset har etter «sedvane» fått dekt utgifter og utstyr for inntil kr. 20.000,- kvart år.

Avtalen frå -95 seier vidare at Samfunnshuset skal stå for utleige, samt tilsette og løne vaktmeister når bygget fungerer som samfunnshus.

Dette vart også praktisert ein periode.

Siste gong samfunnshuset fekk tilskott frå kommunen var i 2018, da ei ny oppvaskmaskin på kjøkkenet vart innkjøpt.

Omorganisering

Styret i Eresfjord samfunnshus meiner den beste løysinga er at «verdien» som både personar og organisasjonar i bygda gjekk inn med for å bygge Eresfjord samfunnshus i 1962, overføres til bygda og den nye foreninga Eresfjord samfunnshus. Innbetalte beløp i kroner samt dugnad gjekk inn i bygginga av huset og er dermed brukt.
(sum kontanter innbetalt i 1962 viser kr 7300,- resten 55.000 – 7300= 47.700,- er dugnad)

Styret i Eresfjord samfunnshus